

**Sandane den 1.juli 2019**

**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

**Nærings- og Kulturavdelinga, Askedalen**

**6863 Leikanger. [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)**

**KLAGE TIL VEDTAK I SAK 18 / 8535-33 TILDELINGAR AV KULTURMIDLAR**

Viser til vår e-post av 21.juni 2019 med merknad til vedtak i sak 18/1535-33

Viser til telefonsamtale 26.06.19 med Åge Avedal. E-posten med merknad ønskjer vi vert handsama som ei klagesak på vedtak i sak nr 18/8535-33. Ber også om dette brev vert lagt til klagesaka.

**Vi har også følgjande tilleggsopplysningar i sak barn og unge.**

Glopperock hadde i 2018 ein eigen ungdomskonsert i kultursalen Trivselshagen med Halie, Vilde og Anna, og Sofia. Svært gode konsertar, men arrangementet gjekk med økonomisk underskot.

I år har vi også ein eigen Ungdomskonsert i kultursalen under Glopperock med Vidar Villa m/musikarar og Oselie (Nordfjordeid) og Kristianne (Gloppen). Vi vil nok ha store utfordringar å få årets ungdomskonsert i balanse utan støtte får det offentlege. Utan støtte i framtida vil denne type arrangement ikkje kunne arrangerast.

I utlysinga/info på nettsida til fylkeskommunen står det til søknader for kulturmidlar 2019 .

«Kulturmidlar vert gitt til prosjekt og tiltak som har kultur som hovudføremål. Ved tilskot vert det lagt særleg vekt på kulturaktivitet til barn og unge.» Men, i saksutgreiinga for festivalar står det; « eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.»

Vi synest det er svært merkeleg at ein i utlysing legg særleg vekt på barn og unge, men i saksutgreiinga har det ikkje avgjerande vekt. Dei festivalane som alt har egne barn og ungdomskonsertar må då desse finansiert m.a. over alt tildelte offentleg tilskot. Dei som ikkje har fått tilskot får ikkje dekt kostnadane og går truleg med underskot på barn/ungdomskonsertane sine.

**Støtte til rock og pop festivalar**

Viser til tildelingar kulturmidlar våren 2019. Gloppen Musikkforum klarar heller ikkje å sjå at fordelinga generelt er god nok, utifrå rammene som er gjevne. Når berre 4% av midlane går til pop- og rockefestivalar vert det vanskeleg å godta argumentasjon om lite midlar generelt, då fordelinga vert, etter vår oppfatning, så skeiv i forhold til andre fordelingsnøklar innan offentlege støtteordningar. Det er ei myte at rockekonsertar ikkje treng støtte, vi har måtte redusere presentasjonen av kvalitets messig gode rockeband siste åra, då billett- og andre inntekter ikkje dekker kostnadane. Glopperock festivalen 2018 gjekk med eit underskot på kr. 95.692.- Minner om at den statlege knutepunktordninga er avvikla og ein skulle få ei meir rettferdig fordeling av tilskota mellom musikkspannane.

Viser til at Fres festivalen og Balejazz fekk støtte frå Kulturrådet si arrangørstøtte ordning i 2019 og ikkje Musikkfestivalordninga som det er krav om for å få festivalmidlar frå Fylkeskommunen. To svært gode festivalar som fortentar støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestivalar og fylkeskommunen.

Gloppen Musikkforum vonar de tek desse momenta med i klaga og gjev oss støtte til konsertane under Glopperock 2019, og spesielt ungdomskonserten.

Med helsing for styret i musikkforeininga

**GLOPPEN MUSIKKFORUM arrangerer av  
GLOPPEROCK FESTIVALEN 2019.**

Remi Tystad

Festivalsjef.

Sign.

Øyvind Aasen Glopestad

Styremedlem

Sign.

Postadresse

Postboks 222, 6821 Sandane

Tlf.: 57 86 66 16 – 97 08 19 60

[www.glopperock.no](http://www.glopperock.no)

Bankkonto SSF : 3710.30.56846

Organisasjons nr. 975 607 941

Tilslutta Norsk Konsertarrangørar

[post@glopperock.no](mailto:post@glopperock.no)

Festivalsjef Remi Tystad

Tlf. arb. 97 08 19 60

Tlf. privat mobil 97 08 19 60 Tlf. 57 82 32 76

E-mail: [remi@glopperock.no](mailto:remi@glopperock.no)